



Nr. 3-2012, årgang 47.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Side 5: Les om misjonsarbeidet i Vrådal menighet.
Side 8: Maria Skjæveland fortel om organiststudiar.



Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog
Fung, kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Geir Valle
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 97 15 04 27
Bustad tlf. 35 05 51 75
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: SMM-brosjyre, Normisjon
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstytarar i dette nummer: Kjell Arne
Norum, Hallvard Nordbø Jørgensen,
Kjetil Torsdalen, Geir Valle, Jan Haugen,
Hadle Hovda.



„Sjå, eg har sett framfor deg ei opna dør“

Desse orda er henta frå bibelen. På gravstøtta til mor og far vert eg minna om dette.

Eg veit og er glad for at dei brukte denne døra. Det har og vore ei støtte og god hjelp for meg.

Det kan vera tungt å gå til ei grav. Det er heller ikkje noko kjekt å koma til ei lukka og låst dør som ein antok skulle vera open. Det kan og vera skuffelse, trøttleik og sjukdom.

Men heldigvis fins det opne dører, bedehus, misjonshus, kyrkjer, som forkynner evangeliet her i landet. For av å høyre får ein trua på Jesus.

Himmeldøra har me fått i gåve av Gud når me trur på Jesus, og i fars hus er det mange rom.

Den eine røvaren på korset fekk oppleve ei open dør. Jesus sa til han:

„Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera med meg i paradiset.“ (Luk 23, 43)

„Eg veit om gjerningane dine. Sjå, eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja. For du har lita kraft, og du har halde fast på mitt ord og ikkje forneakta mitt namn.“ (Op 3, 8)

Kjetil Torsdalen



Ragnhild og Hadle Hovda sel lodd til kyrkjelydsbasaren. Bilete er frå jolebasaren for eit par år tilbake.

Kviteseid kyrkjelydsbasar

I år har vi lagt basaren til laurdag 1. desember på Misjonshuset. Inntektene går til barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden, misjonsprosjektet på Manila og utstyr til kyrkja. Dei siste åra har vi fått inn i underkant av kr. 50.000,-. Vi vonar å greia det same i år. Og vi ber om hjelp med kakebaking, gevinstar, loddsal og innsamling av „løppur“. Dei absolutt høgast skatta godsaker til sal eller gevinstar er kling og kransekaker. Interesserte som har

lyst å vera med kan venda seg til Kirsti Skjæveland eller Hadle Hovda.

Har du „løppur“ du ynskjer å bli kvitt kan du ta kontakt med Hadle Hovda, tlf. 35053784, eller Bent Grestad, tlf. 97939304. Men vi kan ikkje ta i mot klede og store møbler.

For komiteen: Kirsti Skjæveland, Tjodvor Syftestad, Bent Grestad og Hadle Hovda.



Sundag 23. september skreiv Sam Tore Bamle (t.v.) frå Normisjon og Jan Gunnar Breivik (midten) frå soknerådet i Vrådal under på ei misjonsavtale for å støtte ein barneskule i Shushilcun. Til høyre står sokneprest i Vrådal Hallvard N. Jørgensen.

Kyrkjelyden i Vrådal har inngått misjonsavtale

I dei komande åra skal Vrådal kyrkjelyd samarbeide med Normisjon om å støtte ein barneskule i Shushilcun i Ecuador. På framsida av dette bladet kan du sjå eit bilete av elevane på skulen. Kyrkjelyden i Vrådal vil be for skulen og elevane i gudstenestene, og støtte dei økonomisk med takkeoffer nokre gonger i året. Pengane som vert samla

inn, vil mellom anna gå til undervisningskurs og skuleinventar.

Den 23. september var Sam Tore Bamle frå Normisjon Telemark på besøk for å fortelje om misjonsprosjektet og inngå avtale med kyrkjelyden. Vi er glade for å få vere med på å arbeide for Guds rike på denne måten, og vonar at avtalen vil bere god frukt.



Båtgudsteneste om bord på FRAM

Sundag den 5. august var kyrkjelyden i Vrådal på båtgudsteneste om bord på FRAM. Turen var sponset av Vrådal sokneråd.





- Eit liv utan musikk er ein forferdeleg tanke!

Maria Skjæveland kom som ei jolegåve til den nye heimen sin. Frå Seoul i Sør-Korea til Kviteseid, 3 månader gamal, rett før jol – til mor og far og storebror på fem år. 29 år er snart gått. Maria spelar orgel og er under utdanning til kantor.

– Eg har alltid visst kvar eg kjem frå. Eg er stolt av min tokulturelle bakgrunn.

Eg har ikkje prøvd å finne ut noko meir om familien min i Korea, men interessa for dette har kome i dei siste to åra. No har eg eit ønskje om å kome til fødebyen min i løpet av eit par år. Sjølv om eg skulle treffe slektningar i Korea, vil dei heime i Kviteseid uansett alltid vere mi mamma og min pappa og min bror.

Musikkinteressa har alltid vore der. Eg song nesten før eg kunne snakke. Eg song i barnekoret på Misjonshuset og seinare i ungdomskoret Corpus. Då eg var seks år gamal, tok eg til å spele fiolin. Seinare vart det hardingfele. Med tida gjekk eg over til piano. Det var ein hobby. Men då eg gjekk på musikklinja ved Bibelskulen i Grimstad, fann eg ut at eg ville bli organist. Målet er å arbeide som kantor. Så var eg innom kyrkjemusikklinja på Viken folkehøgskule før eg tok to år med folkemusikkstudiar i Rauland. Samstundes fekk eg orgelundervisning av Dagfinn Køhn. I han har eg hatt ein god lærar. Eg har vore veldig heldig med lærarane mine.

I fire år gjekk eg på Høgskulen til Normisjon i Staffeldtsgate i Oslo. Eg gjekk lina for „musikk, menighet og ledelse“. Her fekk eg fag som gav ei breiare kompetanse, og det var nyttig. Og så var det eit godt studiemiljø. Framleis hadde eg orgel som hovudinstrument. No tek eg eit påbyggingsår med kyrkjemusikk i Trondheim for å bli kantor.

Sommaren 2005 tok eg til som vikarorganist. Eg har farta i heile Vest-Telemark prosti og spela i gudstenester, bryllaup og gravferder. Alle prestegjelda har vore veldig hjelpsame med å leggje ting til rette. Det vil eg gjerne takke dei for. Å få vikariere har vore ein kjempeviktig del av læringsprosessen.

Kva musikken betyr for meg? Alt! Eit liv utan musikk er ein forferdeleg tanke som eg ikkje tør å tenkje på eingong. Det er eit universelt språk. Det går an å høyre ein tale utan å skjøne han, men musikken kan alle relatere seg til.

Ei gravferd utan musikk, korleis ville det ha vore? Det er eit eksempel på kor viktig musikken er. Ein kan kvile i han. Eg ser at det gjer noko med folk. Ein kan finne trøyst i musikken. Musikk er den beste terapi. Her finn ein glede, trøyst og von.

I Bibelen står det mykje om musikk og om den makta musikken har. Verset i Kol 3, 16 er „musikkens vesle bibel“: „Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndeleg songar. Syng for Gud med takk i hjarta!“

Sjølv har eg ein allsidig smak. Humøret avgjer. Eg kan høyre på nesten all slags musikk, men ikkje opera og heavy metal.

Eg er veldig glad i religiøse folketonar. Og så er eg glad i gamle salmar. „Eg veit i himmerik ei borg“ og den type ting. Det er viktig å ikkje gro fast i ein sjanger.

Songen er biinstrumentet mitt. Eg er veldig glad i å syngje. Eg har alltid hatt songen med meg. Å syngje i kor er sosialt. Både songen og pausane tel med.

Eg stiller nok høge krav til meg sjølv. Det gjer at eg kan miste motivasjonen.

Eg vil at ting skal skje litt fort!
Det er ikkje berre musikk med meg. Eg er interessert i fotball! Men kva skal ein då gjere når ein har grasallergi? Eg følgjer med på kampar. Favorittlaga mine er Liverpool og Odd Grenland. Det er trist å sjå at ingen av dei gjer det særleg bra for tida...

Eg spela handball ein periode, og dessutan volleyball i mange år. Og så liker eg å sjå film. Eg gler meg til Hobbiten. Eg er villig til å liggje i kø om natta for den filmen.

Eg har tre tanteborn som betyr mykje for meg. Dei er viktige! Eg vil helst ikkje bu for langt borte frå dei. Det er

alltid moro å vere saman med dei.

Eg har alltid vore ein kristen. Eg har gått i kyrkja, for der har eg kjent meg mest heime. Eg vaks opp i ein kristen heim. Trua har alltid vore ein viktig del av livet mitt. Det er godt å vite at eg aldri er aleine. Det er deilig, synest eg! Slik står det i Bibelen: „Ver modig og sterk! Lat deg ikkje skremma, og mist ikkje motet! For Herren din Gud er med deg overalt der du går.“

KANO

Kviteseid-konfirmantane på sumarleir


I juli reiste Kviteseid-konfirmantane på sumarleir på Drottningborg i Grimstad, i lag med rundt 120 andre konfirmantar frå Vest- og midt-Telemark. Det vart ei fin og innhaldsrik veke med mange ulike hendingar. Her kan nemnast (no er det berre å trekke pusten): Frukost om morgonen; gruppesamlingar (med spørsmål, samtalar, oppgåver, leikar); bibeltimar; „KonfChallenge“ med diverse aktivitetar; sporleik; volleyball og fotball; velsmakande middagar; vandringsgudsteneste; storstilt dramatisering av Jesu død og oppstode; „Rock mot rus“ med artisten Hans Inge Fagervik; skumringsstund med andaktar; uteleiken Capture the Flag; song og musikk; underhaldningskveldar med sketsjar

og leikar – for å nemne noko. Som ein kan skjønne, var det ein veldig innhaldsrik leir. Alt i alt var både prestar, leiarar og konfirmantar veldig nøgde (og litt slitne!) når alt var over. Men vi tok også med oss tilbakemeldingar om korleis vi kan gjere leiren endå betre til neste sumar. Det kan elles nemnast at sjølv om denne sumarleiren utgjer ein vesentleg del av konfirmantopplegget, så vil konfirmantane framleis ha ein god del ordinære samlingar i løpet av skuleåret, både på Misjonshuset i Kviteseid, rundt omkring i kyrkjene, og heime hjå folk i kyrkjelyden. I tillegg vil konfirmantane delta i ein del gudstenester.

Hallvard N. Jørgensen



„Capture the flag“, leik og moro ute.



Bygging av spaghettitårn. Hans Tarjei Fjågesund, Hans Christian Svanajord og Kristian Lauvik Gjelstad.



Hans Inge Fagervik, „Rock mot rus“.



Gudsteneste med bønevandring, prest Frode Granerud.

Prestens hjørne

For ei stund sidan vart eg litt tilfeldig kjent med eit hyggeleg ektepar frå Jehovahs vitne. Dei inviterte meg med på møte, og det takka eg ja til. Etter kvart har det blitt fleire møte og mange interessante samtalar. Nokre av venene mine vart litt bekymra då eg fortalte at eg hadde involvert meg i slike samanhengar. „Er du ikkje redd for at dei skal overtyde deg? At du skal kome på feil kurs?“ No har eg ikkje vore så bekymra for akkurat dette. Jehovahs Vitne skil seg frå klassisk kristendom særleg i deira avvising av treeiningslæra og Jesu guddom. Men både desse standpunkta står eg for, og eg kan grunnkje dei. Jehovahs vitne har også ein del andre punkt eg ikkje meiner er rette.

Likevel må eg seie at heile prosessen har vore svært lærerik og nyttig. Éin ting er dei mange fine møta eg har fått med „vitne.“ Vi har vore opne om usemje, men likevel kome godt overeins. Og vi har lært av kvarandre. Det kan vere nyttig nok å lese bøker om Jehovahs vitne. Men då eg vart betre kjent med dei „i det verkelege liv,“ lærte eg mykje som ikkje var å finne i desse bøkene. Det var ei viktig røynsle. Og elles var det interessant å oppleve korleis det er å vere heilt ny i ein litt framand møtesamanheng. Det var lett å vere litt usikker: „Ser dei på meg at eg ikkje høyrer her til...? Oppfører eg meg rett no...? Korleis vil dei reagere når eg avslører mine eigne



oppfatningar?“ Som nemnt gjekk det heile veldig fint. Men det var ei viktig røynsle. No veit eg litt betre, trur eg, korleis det kan kjennast for ikkje-kristne å vere nye i ein ukjent, kristen møtesamanheng.

Hallvard N. Jørgensen

Oppslagstavla

Føremiddagstreff på Misjonshuset

Onsdag 31. oktober kl. 11

Onsdag 5. desember kl. 11

Skyss? Ring Martha tlf. 350 53 308 eller mobil 970 13 661.

Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på tlf. 350 53 784.

Ny klokkar i Brunkeberg

Kjell Arne Norum er tilsett som ny klokkar. Han bur alle allereie i den gamle klokkarbustaden i Kviteseid, så det høver bra.

Frivillige søkast

Kyrkjebladet er drive av frivillige i kyrkjelyden. Vi ønskjer å knytte til oss fleire frå kyrkjelyden som kan tenkje seg å bidra på forskjellig vis til bladet. Kan du skrive? Kan du ta bilde? Har du idear til innhald i bladet? Har du noko du vil dele med andre? Eller er det andre måtar du kan tenkje deg å bidra? Ta kontakt med redaksjonen i kyrkjebladet. Vi hører gjerne frå deg!


Jubileumsfest i Vrådal

I oktober for hundre år sidan vart Bedehuset i Vrådal reist og innvigd. I alle åra sidan har det vore ei allsidig bruk av huset. Fyrst og fremst har det vore nytta til kristen møteverksemd, som føremålet var. I tillegg har det gjennom åra opna dørene for ei lang rekke ulike føremål av kulturelt og selskapeleg slag. Etter hundre år står huset no godt opprusta og oppussa, klart for eit jubileum!

Dette vert feira søndag 21. oktober kl. 16. Då står dørene opne for bygdefolket og alle som elles vil kome. Nils Tore Andersen held festtalen. Kyrkjekoret kjem frå Kviteseid. Komitéen lover god og solid bevertning.

Bøn for store born

Evige Far, du som er i himmelen!
Gleda ved å ha born, kjenner du.
Smerta ved å ha born, kjenner du.
Du har late oss få del i det store å vera foreldre.
Takk for dine dyre gåver.
Takk for at du elskar våre born, også når dei går sine eigne vegar.
Du ser dei når vi ikkje lenger ser dei. Du kan nå dei når vi ikkje lenger kan nå dei.
Forbind dei sår som vi har gjeve dei i uforstand og kulde.
Fri oss frå å kvela dei med kjærleik, du som set fri den som vender seg til deg.
Trøyst og styrk våre born når dei har det vondt og vanskeleg.
Hjelp dei når dei er rådlause.
Ver miskunnsam også når dei gjer di vilje imot.
Ver hos dei som strevar med å koma til rette med livet.
Lat den vegen dei finn for sitt liv, vera ein veg mot deg og ditt lys.



*I Kristus, nær livet – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.
(Den norske kyrkja si visjon vedteke av Kyrkjemøtet 2008)*

Døypte

Brunkeberg: Mari Gjerlid Opsund.
Tallev Eikåsen.

Kviteseid: Amalie Ståland.
Olav Grave (busett i Vinje).
Abram Lindheim.
Melina Elisabeth
Nielsen Sigurdslid.



Kviteseid: Gunhild Breidalen og Per
Magne Hætta.

Vrådal: Ida Breivik og Per-Joakim
Jørgensen.
Vigdis Trana og Mathias
Skree Birkeland.

Vrådal: Oskar Solsvik Kråkenes.
Henrik Garmann
Schjelderup Skipar.

Gravlagde

Brunkeberg: Bjørgulv Sandåker.

Fjågesund: Kjerstine Gundersen.
Torjus Lundevall
Fjågesund.

Vigde

Brunkeberg: Siv Omtveit og Torje
Aasan.
Hanne Lier og Jonas
Schei.

Kviteseid: Marie Strømstad.
Judith Sørensen.
Hans Kåsi.

Fjågesund: Silje Juklerød Nygaard og
Daniel Meshack
McCormack.

Vrådal: Eivind Findreng.
Ingrid Johanne Gjerde.
Arne Noraberg.



Vedtekter for kyrkjegardane

Det har i mange år vore ein del vedtekter knytt til gravplass / gravstell etc. i Kviteseid kommune. Altfor ofte høyrer vi at folk ikkje er klar over desse. På kyrkjekontoret finn ein brosjyrar med desse vedtektene. Her kjem eit lite utdrag med nokre av dei viktigaste punkta.

Kyrkjetenar Jan Haugen

§ 4. Fredingstid og festetid
Fredingstida og festetida for graver er 20 år.

§ 5. Feste av grav
Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 20 år. Feste og fornying av feste skjer mot å betale festeavgift. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd.

§ 6. Grav og gravminne
Kyrkjegardsbetjeninga vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne bør ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m. v. i plantefeltet. Gravminne skal godkjennast av fellesrådet før det vert sett opp.

§ 7. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå bakkanten av gravminnet. Det må ikkje plantast blomar og buskar som vert høgare enn gravsteinen eller som går ut over plantefeltet. Det er ikkje lov å ramme inn grava eller deler av ho med hekk, stein eller jern.

§ 9. Stell av grav

Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg planting på grav mot betaling på førehand.

§ 10. Gravlegat

I særskilte høve kan pårørande søkje fellesrådet om å få opprette gravlegat.

§ 11. Ansvarstilhøve

Fellesrådet er ikkje ansvarleg for skade som skuldast bruk av gravemaskin eller anna utstyr med mindre det er vist aktløyse frå kyrkjegardens tilsette.

§ 12. Orden

Etter arbeid på gravene må alt avfall takast vekk og leggjast på tilvist stad. Reiskap som høyrer til kyrkjegarden skal setjast tilbake på plass.

Returadresse:
**Kyrkjeblad for
Kviteseid
Kyrjekontoret
3850 Kviteseid**

Gudstenester

OKTOBER

- Sun 7.** 19. s. i treeiningstida Joh 7, 14–17
Brunkeberg kl 11. Valle.
Ofr. Telemark Sundagsskulekrets.
- Sun 14.** 20. s. i treeiningstida Mark 10, 2–9
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd.
Ofr. Norges Kristelige Student- og
Skoleungdomslag.
Kviteseid kl 18. Jørgensen. Nattverd.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.
- Sun 21.** 21 s. i treeiningstida Luk 16, 19–31
Fjågesund kl 11. Valle. Nattverd.
Ofr. Kirkens Nødhjelp.
Soknemøte etter gudstenesta for uttale
om ny gudstenesteordning.
- Sun 28.** Bots- og bønnedag Luk 18, 9–14
Kviteseid kl 11. Valle.

NOVEMBER

- Sun 4.** Helgemesse Matt 5, 13–16
Vrådal kl 18. Jørgensen. Minnegudsteneste for
alle sokna i kommunen.
Kviteseid Kyrkjekor. Kyrkjekaffi
- Fred 9.** Helgemesse
Kviteseid kl 19.30 Jørgensen.
gamle kyrkje Of. Kvitsundsdrussens misjonsprosjekt.
Fakkeltog.
- Sun 11.** 24.s. i treeiningstida Luk 12, 35–40
Brunkeberg kl 11. Valle. Familiemesse med nattverd.
Songkoret Barnegospel.
Ofr. Stefanusalliansen.
- Sun 18.** 25. s. i treeiningstida Matt 14, 22–34
Fjågesund kl 11. Valle. Of. Kvitsund gymnas.
Kviteseid kl 16.30 Valle. Familiegudsteneste.
Unge Røyster.

- Sun 25.** Domssundag Matt 25, 1–13
Vrådal kl 11. Jørgensen. Nattverd.
Ofr. Barne- og ungdomsarbeidet i Vrådal.

DESEMBER

- Sun 2.** 1. s. i advent Matt 21, 10–17
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.
Ofr. Strømmestiftelsen
- Sun 9.** 2. s. i advent Joh 16, 21–24
Brunkeberg kl 11. Valle. Kviteseid Kyrkjekor.
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.
- Sun 16.** 3. s. i advent Joh 5, 31–36
Vrådal kl 11. Valle. Of. IKO.
Kviteseid kl 18. Adventskonsert.
- Sun 23.** 4.s. i advent Matt 1, 18–25
Kilen kapell kl 16. Jørgensen. „Eit annleis jolebord“.
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.